



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/1948-13

2. januar 2020

Oppfølging av regjeringspartia sin bompenggeavtale - Buskerudbyen

Høgre, FrP, Venstre og KrF har sidan 2013 hatt ei sterk satsing på samferdsel. Dette har gjeve gode resultat både for veg, kollektivtransport, bymiljø og klima. I den seinare tida har det likevel vore eit auka fokus på at kostnadene for folk flest ved bompengefinansiering har blitt for høge. Regjeringa har teke dette på alvor, og blei den 23. august i år samde om ulike tiltak for å redusere bompengebelastninga for bilistane og samstundes tiltak for å auke satsinga på kollektivtransport. Dette er nærare omtalt i forslaget til statsbudsjettet for 2020, jf. Prop. 1 S (2019-2020) for Samferdselsdepartementet.

22. mai 2019 stemte kommunestyret i Nedre Eiker for å skrinleggje Buskerudbypakke 2. Det ligg dermed per i dag ikkje føre vedtak om ein Buskerudbypakke 2. Regjeringa held seg til dette. Dersom det skulle kome nye lokalpolitiske initiativ om bypakke i Buskerudbyen, vil dette utløyse dei same føringane for Buskerudbyen som for dei andre 8 storbyområda.

For Buskerudbyen vil regjeringspartia sin bompenggeavtale bety følgjande:

Vidareutvikling av nullvekstmålet

Regjeringa er i gang med å fastsetje eit vidareutvikla nullvekstmål med fokus på reduserte utslepp (lokale utslepp og klimagassutslepp), støy, framkomst og arealbruk. Når det vidareutvikla nullvekstmålet er fastsett, vil det bli lagt til grunn i ein eventuell ny belønningsavtale med Buskerudbyen.

Midlar til reduserte billettprisar

Regjeringa har foreslått ei årleg løyving på 300 mill. kr til reduserte billettprisar på kollektivtrafikk i dei store byane. Samferdselsdepartementet legg til grunn at alle dei ni byområda som er omfatta av ordninga med belønningmidler, får ein del av dette tilskotet.

Dei fem mindre byområda, inkludert Buskerudbyen, kan få tildelt 20 mill. kr kvar i 2020. Eg viser til nærare omtale i Prop. 1 S (2019-2020) og under omtalen av belønningsmidlar nedanfor.

Belønningsmidlar

Buskerud fylkeskommune og Drammen, Lier, Nedre Eiker og Øvre Eiker kommunar har i dag avtale med Samferdselsdepartementet om midlar frå belønningsordninga for perioden 2018-2019. Avtalen inneber eit samla statleg tilskot på 166 mill. kr, fordelt med 86 mill. kr i 2018 og 80 mill. i 2019.

Samferdselsdepartementet har gitt Buskerudbyen tilbod om ein ny belønningsavtale for perioden 2020-2021. Forslag om belønningsavtale inneber at staten vil bidra med totalt 160 mill. 2019-kr i avtaleperioden gitt måloppnåing, jf. brev av 29. november 2019.

Buskerudbyen kan søke Samferdselsdepartementet om midlar til reduserte billettprisar på kollektivtrafikk. Midlane til reduserte prisar på kollektivtrafikk skal i så tilfelle rapporterast på i same prosess som rapporteringa for belønningsmidlane. Rapporteringa skal sikre at det er mogleg å kontrollere at midlane blir nytta som føresett.

Med helsing

Jon Georg Dale

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.

Kopi
Fylkesmannen i Oslo og Viken
Jernbanedirektoratet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Vegdirektoratet

Adresseliste
Drammen kommune
Lier kommune
Nedre Eiker kommune
Viken fylkeskommune
Øvre Eiker kommune

KOP1